

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV og Frp fram slikt forslag:

Alternativ:

«Fylkesrådmannen si innstilling minus siste setning i pkt.1.»

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt:

Pkt.3.

Hordaland Fylkeskommune vil komme tilbake til kjøp av aksjer i Hordfast eller annen organisering etter sak om organisering for det fremtidige partssamarbeidet er politisk behandlet.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV og Frp) og fall.

Stenseide sitt forslag fekk 2 røyster(Frp) og fall.

Innstillinga pkt 1-3 vart vedteken mot 3 røyster (Frp og Sv) som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga pkt. 4 vart vedteken mot 2 røyster(Frp) som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1.Fylkestinget syner til innspelsdokumentet til Nasjonal Transportplan som vart utarbeida i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune (koallisjon og opposisjon), Bergen kommune, LO/NHO og Bergen næringsråd. Her er dei viktigaste samferdsleprosjekta i vårt fylke omtalt i prioritert rekjkjefølge og det er ein felles målsetting at desse skal gjennomførast og følgast opp i NTP perioden.

2.Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekter. Når dette arbeidet er sluttført kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarselskap eller andre typer selskap knytt til einskildprosjekter. Fylkestinget vil difor ikkje ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.

3.Fylkestinget er samde i at det kan vere interessant å sjå på ulike modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa naudsynne samferdselprosjekt til raskare realisering.

4.Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel, seinast mars 2019